

# ÅRBOK FOR KARMSUND



HAUGESUND MUSEUM

*Årshefte 1956 - 1960*

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE

---

1961

## FØREORD

I fyrre årsheftet, Årbok for Karmsund, utkome i 1956, vart gjeve uttrykk for ynskje om at årboka kunne verta eit årvisst tiltak, og me hadde vona at det skulle gå slik. Me greidde ikkje det, men har måtta halda på tidlegare praksis som er ei bok kvart femte år.

Ein vil finna lite av det reint lokalhistoriske innhaldet denne gongen; men då det utgjorde hovudinnhaldet i den fyrre boka, fann me at denne gongen laut museet få plassen til å publisera materiale som har lege i lang tid og venta på å verta offentleggjort. Innanfor den økonomiske råma ein lyt halda, vart det då ikkje rom til noko meir.

Men neste gong skal lokalhistorikarane få sleppa til så sant dei har noko på hjarta.

Skriftstyret.

## Museums- og Historielaget for Haugesund og bygdene 1956–1959

*Ved N. H. Tuastad.*

Årsmeldingane er også i denne meldingsbolken inntekne i årbøkene til Stavanger Museum. Me gir her eit samla utdrag av dei sidan 5-års-meldinga som var prenta i den sist utkomne årboka vår, Årbok for Karmsund 1951—55.

*Styre.* I staden for kontorsjef Harald Gaard som i 1957 bad om å verta avløyst i styret, vart valt tidlegare varamann, gullsmed Victor Tommelstad. I 1958 døydde murmeister Leif B. Johannessen, som hadde vore medlem av styret sidan 1952 og før den tid varamann til styret sidan 1947. Til nytt medlem av styret vart på årsmøtet 1959 valt skulestyrar Nils Hanssen Fjon, som tidlegare var varamann til styret. Bankmann Emil Søndena som i mange år var revisor, er flutt frå Haugesund og ynskte å slutta.

Ved utgangen av 1959 har styret denne samansetjing:

Valde av årsmøtet: Lærer Holger Askeland, gullsmed Victor Tommelstad, skulestyrar Nils Hanssen Fjon, kjøpmann Sjur Lothe og museumsstyrar N. H. Tuastad. Varamenn: Lensmann Ingjald Gjersvik, sjefsbibliotekar h.v. Margit Westbøe, kontorsjef Harald Gaard, lærar Birger Kjetland og kjøpmann C. Rudolf Sandvig.<sup>1</sup> Valt av Kyrkjedepartementet: O.r.sakfører Svein Steinsnes med N. H. Tuastad som personleg varamann. Valt av Haugesund formannskap: Kinostyrar E. Steffens med sjefsbibliotekar Ruth Gjerdsjø som personleg varamann.

---

<sup>1</sup> Ved valet i 1960 er som varamann til styret valt redaksjonssekretær Jens Hagland i staden for C. Rudolf Sandvig som hadde fråbedt seg attval. Styret er elles samansett som før .

Valt av Haugesunds Rederiforening: Skipsreder Erik Bakkevig med skipsreder Øistein Torgersen som personleg varamann. Formann: O.r.-sakfører Svein Steinsnes, varaformann: Skipsreder Erik Bakkevig, kasserar og sekretær: Museumsstyrar N. H. Tuastad, revisorar: O.r.sakfører Karl Fredrik Jansen og kontormann Olai Vestvik.

*Økonomi.* Dei faste driftsutgiftene har stige frå 20 800 kroner i 1956 til 25 500 kroner i 1959. Styrarstillinga er frå 1. januar 1959 flutt opp frå kl. 9 til kl. 12 i statens lønnsregulativ. Statstilskotet vart i 1956 sett opp frå 3 000 til 4 000 og i 1957 til 5 500 kroner som det framleis er.<sup>1</sup> Rogaland fylke auka i 1959 tilskotet frå 1 200 til 1 500 kroner. På eit samrådsmøte i 1959 av målmenn frå Stavanger Museum og dei tri distriktsmusea, Dalane Folkemuseum, Rogaland Folkemuseum og Haugesund Museum, vart det vedteke å sende sams søknad til fylket for ettertida. Haugesund kommune har sidan 1955 auka tilskotet fleire gonger; frå budsjettåret 1956/57 har det tilsvara lønsutgiftene og er nå 20 000 kroner. Til oppussing og ominnreiing av oldsakromet fekk museet i 1957 dessutan ei omframtløyving av kommunen på 4 200 kroner. Haugesunds Rederiforening gav same året eit tilskot på 1 230 kroner til nytt ljosanlegg i den nymonterte sjøfartsavdelinga. Tilskotet frå dei andre kommunane i Karmsund har vore sterkt minkande. Samanlagt var det 2 050 kroner i 1956, 1 750 kroner i 1957, 1 100 kroner i 1958 og 800 kroner i 1959. Det faste tilskotet frå Wrangells legat har auka og var i 1959 2 824 kroner. Eit tilskot på 1 000 kroner året som Haugesunds Mållag har ytt i mange år, fall bort i 1959.

Eiga er etter status 31. desember 1959 203 884 kroner. Derav utgjer fond og bankinnskot 145 272 kroner. Huset i Jonas Lies gate 10 er fullverditrygda for 366 200 kroner. Det er måla utvendes sommaren 1959. Haugesund kommune ved bygartnaren har ved slutten av 1959 sett i gong arbeid med opprydding i hagen og vøling av gjerdet og fortåget.

*Oppussing og nymontering av museet* tok til i 1956 og vart ferdig i 1957. Då det var sterkt avgrensa pengemidlar som stod til rådvelde, laut planane gå ut på at mest mogeleg av den gamle innreiinga skulle nyttast, og nytt monteringsutstyr laut gjerast så billeg som råd var.

---

<sup>1</sup> På budsjettet for 1961 har Kyrkjedepartementet ført opp 7 000 kroner.

Størst arbeid og kostnad er gjort med sjøfartsavdelinga og oldsakromet. *Sjøfartsavdelinga* fekk rom i den 30 meter lange korridoren, som høver godt til dette føremålet. Der er bygt veggmontrer med innlagt overljøs for seilskutemodellar, navigasjonsutstyr, ymse sjømannsarbeid, sjøfarts- og handelsutstyr og pokalar. På veggene er utstilt måla skutebilete som viser utviklinga av skipsfarten i Haugesund frå den eldste tida fram til og under første verdskrig 1914—18. Det finst og ein liten avdeling for fiske og kvalfangst. I *oldsakromet* er kome fire nye frittstående montrer i tillegg til den tidlegare faste veggmontren; alle har fått innbygt overljøs. Ved montering av oldsakene, som er gjort av konservator Odmund J. Møllerop, har ein prøvt å få fram den sentrale stoda Karmsundet hadde som handels- og kultursentrum i førhistorisk tid. Alle roma i museet har fått nye og ljose fargar. Ved nyoppstillinga er hovudvekta lagt på å gjera utstillingane enkle og oversiktlige serleg med tanke på at skulane her kunne finna god hjelp. Tenestemennene ved Stavanger Museum, museumsdirektør Jan Petersen og konservatorane Jan Hendrich Lexow og Odmund J. Møllerop, har ytt verdfull hjelp og rettleiing, og elles har både styremedlemer og andre interesserte hjelpt til med arbeidet. Styret seier dei alle ei varm takk.

*Besøket.* I meldingsbolken har 192 skuleklassar med kring 3 800 elevar fått omvising. I alt har 10 800 personar vitja museet i denne tida.

*Byggjeplanane.* Styret sende i 1956 søknad til Haugesund kommune om avsetjing på budsjettet til museumsbygg, slik det og hadde vore søkt om i dei to føregåande år. På årsmøtet i 1957 var husspørsmålet oppe til drøfting, og det vart vedteke å senda ei førestelling til formannskapet. I 1958 sende styret eit skriv til ordføraren om saka. I 1959 er det skuld dei økonomiske tilhøva ikkje gjort noko.

*Museumssamlingane* er sidan 1955 auka med 519 katalognummer som er omlag likt med 5-årsbolken 1951—55. Me nemner at sylv-samlingen er auka med 14 skeier frå ymse stader i distriktet. Dei eldste er ei kuleskei av renessansetype og ei barokkskei med inngravert årstal 1698. Frå Skudeneshavn er kome 4 dører med utskorne rundportalar frå 1600-talet; dei har truleg vore stolestaddører i den gamle Falneskyrkja. Dei har måla figurar av dei kristne dygdene Tru og Von. Ein høgryggja 1700-talsstol i regencestil er innkomen frå Avaldsnes

prestegard. Eit målarstykkje av Avaldsnes prestegard medan både den nåverande og den gamle hovudbygningen stod, er innkjøpt. Frå Hauge-  
sund er innkome 3 rokokkostolar og ei råde til spegel med konsoll-  
bord. Dei har tilhøyrt konsulent L. J. Eide og er i si tid komne frå  
Næsgård i Egersund. Frå Haugesund er og kome ei jærnkista med ein  
svær låsemekanisme som fyller heile innsida av låket, dekkja av ei stål-  
plata i gjennombrøte gravert rankemynster. Slike kister var før nytta  
til pengekister og er truleg av utanlandsk opphav. Frå Skjold er inn-  
kjøpt eit fint firkanta hengjeskap merkt 1829 med innskrift: «Bechostet  
af mig Zacharias Zacharias Sen Bakkevol». Eit firkanta hengjeskap er  
og innkome frå Torvastad med innskrift: «Ole Hanssen Skarvetun  
1844». Frå Kalland i Skåre er kome ei plaggyskja med karveskurd-  
ornament merkt: «Ba(r)ta Torbiørns Datter Fladnæs 26 Januar 1791»;  
frå Skokland i Skåre er kome ein ride- og klyvjesal, og frå Breivik i  
Skjold ei rosemåla matkorg («fodningskorg») med innskrift: «Gud Be-  
spiste 5000de Men. Da Toge De Op 12 Kurver Igen. Men giv jeg  
War En Ud af Dem. A.A.D.A. 1845»; korga er opphavleg frå Åkra  
i Sunnhordland, og initialane tyder: Alis Amunds Datter Åkra. Frå  
Karmøy, opphavleg frå Syre, er innkome ei smørform av eit slag som  
det tidlegare er to stykke av i museet. Typisk for dei er eit utskore  
brudepar, brura med krana og brudgommen med høg hatt. Det er  
same mannen som har skore dei, og den sist innkomne har han merkt  
nr. 18, så han må ha arbeidd mange. Denne gir oss namnet og heim-  
staden til meisteren: «Formen er Arbeidet af Mig O. T. S. Wiig». Førebokstavane til dei han arbeidde denne forma til er: I. O. S. S.  
(mannen) og A. i. D. S. (kona). Dei budde på Syre i Skudenes. Dei to  
andre formene i museet er og frå Karmøy og er signerte av treskjeraren,  
men ikkje med fullt gardsnamn som den siste. På Sør-Karmøy finst  
nokre hengjeskap med liknande utskorne brudepar som på smørformene,  
og dei er truleg arbeidde av same mannen som har arbeidd smør-  
formene. Heimstaden hans må vera Vik i Skudenes. Døypenamnet  
kjenner me førebels ikkje.<sup>1</sup>

Nemnast må og tri større gåver av *gardsreiskapar og innbu*, den eine

---

<sup>1</sup> I 1960 er det og innkome til museet ei smørform av denne typen, også denne  
frå Karmøy.

frå ei dødsbu på Vatnaland, Bokn, den andre frå Sørstokkå og den tredje frå indre Eide i Stangaland. Gåva frå Sørstokkå omfatar ei uvanleg samling berekjerald som var nytta på eit småbruk utan hest. Eit av dei er *bårkista*, eit for oss tidlegare ukjent berekjerald som Svein Steinsnes skriv om annan stad i årboka. *Borkalaupen* er eit anna berekjerald, som museet ikkje hadde før. I 1959 vart det skaffa to ull-laupar av lindebork frå Guggedal i Suldal. Det er frå andre kantar av landet kome to ardar og frå utlandet ein.

*Klede*. Ei knebuksa av kvitt semska saueskinn, ei såkalla låkabrok, er motteken som gåva frå Veda på Karmøy. Frå Skjold er innkjøpt eit åkle («sjundarsdekkjen») i dobbelnevnd og ei spøta overtrøya («åtta-bladrosete trøya») som begge opphavleg er frå Etne. Den før nemnde gåva frå Vatnaland i Bokn omfatar og fleire høyendsver og dynever av heimevove bolster og nokre brautåkle og rigger som var nytta til sengklede.

Til *sjøfartsavdelinga* er innkome 28 måla skutebilete og ei stor samling fotografi. Som gåva er motteke gullmedaljen som skipsbyggjar John Hauge, Haugesund, fekk på verdensutstillinga i Paris i 1878. I museet heng frå før det tilhøyrande diplommet og den skipsteikningen og skipsmodellane som var med på utstillinga.

I 1959 er motteke som gaver to båtar; det eine er ein linebåt frå Haugesund med segl og årar, den andre er ein vengbåt, truleg den siste i Rogaland, frå Bausta i Nedstrand, der han har stått på land dei siste kring seksti åra. Eigaren har tilbode museet båten, og tilbodet er motteke med takk. Det er gjort avtale med ein båtbyggjar om å setja båten i stand.

*Oldsaker*. I meldingsbolken er innlevert til museet eller henta på staden 25 oldsaker som er sende til Stavanger Museum til katalogisering. Sommaren 1957 grov konservator Odmund J. Møllerop ut ei brandgrav frå folkevandringstida på Nygård i Skåre. Gravgodset, m. a. rest av ein gullbrakteat, spelebrikkar og terningar av bein, to kambar av bein og stykke av eit drikkeglas, er utstilt i museet.

*Boksamlinga* er i meldingsbolken auka med 597 band og hefte. Til bokkjøp er gått med 2 013 kroner.

*Vern av faste kulturminne*. Freding av Haraldshaugen med omliggjande område mot skjemmaende byggjing, ei sak som vart teken opp

i 1946 av Museums- og historielaget og Haugesund Presseforening, vart gjennomført i 1956, då Stortinget løyvde dei resterande 150 000 kroner som var turvande, og betalte grunneigarane dei ved skjønn fastsette skadebøter for eit område på 21,7 mål som er freda mot byggjing, og dertil for eit område på 95,5 mål, der byggjeplanar må godkjennast av Kyrkjedepartementet. Det sistnemnde området er kjøpt av Haugesund kommune, så ein kan rekna med at dette og er freda mot all skjemmande byggjing. Ved tidlegare tiltak har staten freda 36 mål mot byggjing. Haraldshaugnemnda, som var oppnemnd av Haugesund og Skåre formannskap, stod for det langvarige og vanskelege arbeidet med verdfull hjelp av nå avlidne riksantikvar Arne Nygård-Nilssen og museumsdirektør Jan Petersen. Etter å ha fullført oppdraget vart nemnda oppløyst i 1958. Same år vart oppnemnt eit fast styre for Haraldshaugen samansett av riksantikvar Roar Hauglid og museumsstyrar N. H. Tuastad oppnemnde av departementet og kinostyrar E. Steffens oppnemnd av Haugesund formannskap med sistnemnde som formann.

To bautasteinar frå førhistorisk tid, den eine på Skyllingstad i Torvastad og den andre på Falkeid i Tysvær, er attreiste. Steinen på Skyllingstad var teken ned for mange år sidan, men staden der han hadde stått, kunne endå påvisast av truverdige folk, og der er han nå reist att ved dugne av folket på garden. Falkeidsteinen stod framleis på sin gamle stad men sterkt hellande. Etter oppmoding frå grunneigaren og med godkjenning av Stavanger Museum er han flutt 1,5 meter rett vest mot vegen. Tysvær kommune stilte folk og reiskapar til rådvelde for arbeidet.

Saman med konservator Jan Hendrich Lexow som målsmann for Fortidsminnesmerkeforeningen har ein sett på det gamle prestestabburet på Avaldsnes og tatt opp arbeidet for at denne kulturhistorisk verdfulle bygningen kan verta ståande på staden. Røykstova og kvernhuset som museet eig på Laupland i Bokn er ettersette og vølte. Tømmerveggene er sprøyte med parasittkverk.

*Det lokalhistoriske arbeidet.* Styraren ved museet har i meldingsbolken fungert som sekretær og sambandsmann i Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund. Sidan 1957 har cand. philol. Per Lidal drive granskingsarbeid hovudsakleg i Riksarkivet, til ei fellesoga for Karmsund. Museumsdirektør Jan Petersen har sidan han slutta ved Stavanger Museum skrive manuskript til dei førhistoriske bolkanne



for bygdeboknemndene i Torvastad, Utsira og Skudenes herad. Ein har i dette høvet hjelpt til med synfaringar i marka når det gjeld dei fašte fortidsminnene som gravhaugar, hustufter og liknande.

*Tilskipingar og utstillingar.* Landsmøtet til Norske Museers Landsforbund var i 1957 lagt til Haugesund. Det møtte kring 70 deltakarar. Forhandlingane var første møtedagen i Haugesund Billedgalleri og andre dagen i Bystyresalen i samband med omvising i Rådhuset og museet. Deltakarane var første dagen Skåre kommune sine gjester til lunsj på Bellevue, og om kvelden gav Haugesund kommune middag i Festiviteten. Andre dagen var det i fint sommarver utferd til dei historiske minnesmerkene på Karmøy med lunsjpause på Utgarden ungdomsskule og avslutting i Skudeneshavn der jubileumsbyen var vertskap om kvelden til ein gild fest. — I høve av den internasjonale museumsveka i 1956 stilte museet ut hjå bokhandlarane i Haugesund utvalde ting frå samlingane saman med dei publikasjonane det har gitt ut. I 1958 var museet med i eit borddekkings sjå med «Gjestebod på Karmøy 1850». — Årsmøtet den 18. mars 1958 var skipa til som offentleg møte saman med Folkeakademiet med foredrag av museumsdirektør Jan Petersen om arkeologien i nord-Rogaland, der han og tok avskil med distriktet og folket her. Han vart varmt hylla av ein stor forsamling og vart overrekt ei minnegåva ved museumsstyrar Tuastad og utnemnd til æresmedlem av Museums- og historielaget.